

## Til 70-års høgtidi i Uskedalens ungdomslag

Vel møtt! og velkomne her i dag  
det helsar Uskedals ungdomslag  
no held me høgtid i Helgheimsalen  
folk er her møtte frå heile dalen.

Me alle veit me hugnad får  
i kveld når laget fyller dei mange år.  
Her møtte er ungdom med blome-kinn  
her møtte er gamle med snø kring tind  
Til fest skal me samlast her i dag  
i dette vårt gamle ungdomslag  
Aari dei mange hev sige i grav  
alle me takkar for godt dei oss gav  
Hugnad og gaman i gilde og lag  
ofte me møttest bå' kveld og dag  
I arbeidet gjekk det vel upp og ned  
stundom i mot og stundom med  
Formenn og styre hev skift med åri  
inkje alle freista dei lettaste kåri.

Det er inkje greidt å ein formann vera  
visst lagsfolki lite og inkje vil gjera  
Når ein inkje kann, og ein annan inkje vil  
då er det 'kje greidt å få noko til  
men framyver gjekk det då like vel  
for alltid so fanst her ei godhjarta sjel  
som hjelp vilde gjera og inkje seg livde  
og inkje tyngdi på andre hivde.

Desse skal nemnast her i dag  
for dei var det som bar vårt ungdomslag  
Her i laget vart det som på odelsgarden  
at guten tok romet etter faren  
og gjenta fylgde mori sitt fotefar  
slik er det no og slik det var

Og difor hev laget havt framgang og trivsel  
for her var det ungdom med livsmot og givnad?

Me hyllar dei som frå fyrste stund  
skipa vårt lag på so god ein grunn

Den arv dei oss gav skal med framyver bera  
me takkar for alt me av dei fekk læra  
Me minnast dei mange som burte er  
som hadde sitt lag so inderleg kjær

Dei kom med sine tankar, gav gode råd og ord  
med hjarta varm som banka for folk og fedrejord

Dei gav oss lerdomsstunder i arbeidsdag og fest  
godviljen sterk låg under slik minnest me dei best  
Me namna treng inkje nemna me hugsar dei i dag  
vårt minne skal dei femna, med takk for feralag  
So ynskjer me lukka til komande dagar  
at alt til det beste for laget seg lagar  
at hugnad og helg må i laget få bu  
og ungdomen veksa i von og i trui  
Må livsfrisk ungdom rå i Helgheimsalen  
til gagn for sitt lag og til æra for dalen.

Engel Stensletten, 1958